



## Referat frå elevrådsmøte 8-10, onsdag 12.12.25

---

### Desse møtte i tillegg til elevrådskontakt Hilde:

8. trinn: Andreas og Frøya

9A: Eline og Magnus (Nora)      9B: Tina og Therese

10A: Dina og Brage                      10B: Bernhard

## Saksliste

### Sak 1: Orientering og oppfølging av saker frå førre møte

- **Stillesone på biblioteket i matfri.** Hilde har sjekka dette ut med Britt og det er OK. Vi prøver det ut ein periode, men oppstart i veke 2. I første omgang prøver vi ut dette på kantinedagar (tysdagar og fredagar). På halldagar er det allereie færre elevar på klasseromma, og dermed stillare der i utgangspunktet.

#### *Følgjande punkt gjeld for å nytte seg av tilbodet:*

- Send teams-melding til Hilde om at du ynskjer å nytte stillesone på biblioteket.
  - Startdato: tysdag 6. januar. Vi evaluerer fortløpande.
  - Matpakka må etast på klasserommet før ein går på biblioteket (der skal ikkje vere mat).
  - Aktivitet på biblioteket: lese i bøker
  - Det skal vere stille når ein er der – reglane for biblioteket gjeld.
- **9. trinn – ynskje om å vere i amfiet oppe i matfri:**  
Dette blir ikkje imøtekomme av lærarane og leiinga på skulen. Tre dagar i veka er det hallaktivitet – då har ein høve til å vere saman med dei andre trinna. Ynskjer ein å møtast i matfri utover dette, kan ein gjere det ute.

### Sak 2: Saker frå SMU / FAU

Orientering om SMU-møte. Hovudfokuset var på saker som FAU har arbeidd med: smarttelefonfri barndom, rettleiar for ein digital kvardag og kosthaldsrettleiar. Rettleiaren for ein digital kvardag er vedteken – sendt til heimar i Visma og lagt ut på skulen sine heimesider. Klassane og elevrådet skal i tida framover arbeide med kosthaldsrettleiaren. Elevrådet kom med følgjande innspel til kosthaldsrettleiaren:

- Usamd i at ein ikkje skal få sjokolade/kjeks/kakao på turdagar, samt siste skuledag. Dette er få spesielle dagar og utgjer ikkje det store gjennom heile året. Kjekke tradisjonar som ein ynskjer å ta vare på.
- Meiner at det bør vere lov med ein liten tursjokolade på t.d. fjelltur. Då har ein vore i aktivitet og det er fint å kunne unne seg ein liten tursjokolade. Ein skal sjølvstilt ha ei sunn og god matpakke med seg i tillegg.
- Is i skuletida: det skjer ikkje ofte, kanskje ein gong på våren i samband med aktivitetsdag. Det skjer i ein spesiell setting og det er ei lita mengd. Det er ikkje det som vil utgjere fare for helse. Det er ikkje snakk om at det er kvar dag.



Kosthaldsrettleiaren blir lagt ved referatet, slik at den kan gjennomgåast og arbeidast med i klassane. Klassane må komme med innspel til rettleiaren. Det er viktig at ein grunnjev argumenta ein kjem med. Når klassane har fått arbeidd med planen, vil styret i elevrådet utarbeide eit samla innspel som går tilbake til FAU.

### Sak 3: Helseveka

Tema: folkehelse og livsmeistring.

Ynskje frå klassane om temadagar: kosekle-dag og klassens dag.

Klassane ynskjer også aktivitetsdag – turnering var kome som innspel frå fleire av klassane. Elevrådet ynskjer også at ein skal halde fram med felles lunsj ein av dagane.

Hilde tek dette med seg til hovudsteg (lærarane) 8-10 og vidare planlegging av helseveka.

Det var også orientert i elevrådet at det er gjort fylgjande avtalar allereie:

- 9. trinn: «Spør først» - opplegg med helsesjukepleiar Anne Marte +1
- 10. trinn: «Jente- og guteprat – anonyme spørsmål» - opplegg med skulelege Tor V.

### Sak 4: Saker frå klassane

- **8. trinn:** Ingen saker.
- **9. trinn:** Det er blitt etterspurt blink/sone til snøballkasting.
- **10. trinn:** Ynskjer at det skal vere lov med snøballkasting – ei eiga sone for dette.

Hilde orienterer om at elevråd 5-7 arbeider med å lage ein blink.

Elevråd 8-10 meiner at det i tillegg til blink, bør vere ei eiga sone for snøballkasting.

Hilde sjekkar ut med Laila (elevråd 5-7) og drøftar vidare innspel om snøballsone med leiinga.

Beste helsing

Hilde Sognnæs Strandos

*Vikarierende elevrådskontakt 8-10*

**Vedlegg – kosthaldsrettleiar frå FAU finn de i eige dokument.**